

Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Ingen merknader kom inn til fristen 15. februar 2020.

Dato: 5. februar 2020

Stad: seminarrom 217, HF-bygget

Til stades:

Frå gruppe A: Margery Vibe Skagen (fransk), Marco Gargiulo (italiensk), Benedikte Mosby Irgens (japansk), Anders Johannessen Fikke (Nasjonale prøvar), Guowen Shang (kinesisk), Ingunn Lunde (russisk), Miguel Angel Quesada Pacheco (spansk), Birger Solheim (tysk) og instituttleiar Åse Johnsen.

Frå gruppe B: Craig Grocott.

Frå gruppe C: Ingvild Nilssen.

Frå gruppe D: Edith Marie Nævdal, Natalie Unger og Snorre Sandemose,

Administrasjonssjef Arve Kjell Uthaug møtte som referent.

Sak 1 – Godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

Sak 2 – Godkjenning av referatet frå rådsmøtet 4. desember 2019

Godkjent utan merknader.

Sak 3 – Orienteringssaker

- a) Instituttleiar orienterte om at Joseph Bell, som i si tid starta opp arabiskfaget ved UiB, er gått bort.
- b) Instituttet har fleire stillingar under utlysing og tilsetjing: tre småstillingar knytte til Kompetanse for kvalitet (tysk og fransk) er under tilsetjing, den sakkunnige rapporten om postdoktorstillinga i kinesisk er snart klar, ny fast stilling i kinesisk blir lyst ut om nokre få dagar.

Sak 4 – Rekneskap for 2019 og budsjett for 2020

Uthaug orienterte om budsjettet og rekneskapen.

Vedtak (samrøystes): Rådet tek til vitende rekneskapen for drifta av instituttet i 2019, og godkjenner driftsbudsjettet for instituttet i 2020.

Sak 5 – Nye retningslinjer for instituttrådet, Forskingsutvalet, UUI og programstyra ved instituttet

Det blir skrive «instituttrådet» fullt ut, og ikkje berre «rådet» i tittelen for retningslinene. Talet på medlemmar frå gruppe A i programstyret på engelsk skal korrigerast til femten.

Vedtak (samrøystes): Rådet vedtek framlegget til nye retningslinene for instituttrådet, Utvalet for utdanning og internasjonalisering (UUI), Forskings- og formidlingsutvalet og programstyra ved

Institutt for framandspråk. Dei nye retningslinene for rådet gjeld frå og med 2022, medan retningslinene for dei andre instituttorgana trer i kraft hausten 2020.

Innkallingane til instituttrådet blir sende ut til alle ved instituttet, ikkje berre dei som er med i rådet, slik at alle kan følgja godt med i sakene som er oppe.

Sak 6 – Ymse

Ingen saker.

Åse Johnsen,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef